



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

Vår dato  
13.08.2018  
Dykkar dato  
20.07.2018

Vår referanse  
2018/9441 522.1  
Dykkar referanse  
18/1900

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Miljøfagleg kommentar - Radøy - Gnr 39 bnr 1 - nydyrkning - Arve Erstad - Erna Erstad

Først vil vi beklage at svaret vårt, på grunn av ferieavvikling, kjem seint. Kommunen opplyser at de vurderer å gje løyve til tiltaket. Når det skal gjerast vedtak i saka må tiltaket mellom anna vurderast og grunngjenvæst etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12 (jf naturmangfaldlova § 7). Det aktuelle arealet er definert som myr og dette er eit moment som må drøftast når saka skal vurderast etter desse prinsippa.

Vi har diverre ikkje ei fullstendig kartlegging av myr-naturtypar i Hordaland, og det må vurderast om den myra som ein no søker om å få dyrke opp delar av kan ha miljøverdiar knytt til seg, sjølv om dette ikkje er registrert i naturbase.

Av DN-handbok 13, som ligg til grunn for denne kartlegginga, ser vi at dette kan karakteriserast som ei kystmyr. Intakt kystmyr i boreonemoral sone eller i det intensivt drivne jordbrukslandskapet, med ein storleik på over 50 daa skal verdsettast som «svært viktig», eller som ein naturtype med A-verdi. Arealet som her søker omdisponert er del av eit større myrsystem, som er langt meir enn 50 daa totalt. Dette må takast med i vurderinga når saka skal handsamast etter naturmangfaldlova, og vil i seg sjølv kunne vere grunn til å avslå tiltaket.

Nydyrkning av myr har og eit klimaaspekt knytt til seg, og i tilknyting til det nye statsbudsjettet blei det vedtatt at Stortinget bad regjeringa framme forslag om forbod mot nydyrkning av myr. Eit slikt forslag har nettopp vore ute til høyring og det vil vere naturleg å legge vekt på dette når saka skal vurderast etter § 9 i naturmangfaldlova (føre-var-prinsippet).

Med helsing

Magnus Johan Steinsvåg  
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*